

ÅRSRAPPORT | 20 Trygg Trafikk Hordaland | 17



TRYGG TRAFIKK



Distriktsleiar: Knut Olav Røssland Nestås
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 412 06 132
E-post: nestas@tryggtrafikk.no

TRYGG TRAFIKK I HORDALAND

Arbeidet til Trygg Trafikk i Hordaland er styrt av strategiplanen i organisasjonen og årlege verksemdsplanar, og av føringar som er lagde i Regional transportplan, investeringsprogrammet til fylkeskommunen og tiltaksplan for trafikksikring.

Distriktskontoret vart oppretta i 1987. Distriktsleiaren har kontor plass på fylkeshuset i Bergen og leier Trygg Trafikk sitt arbeid i fylket. Distriktsleiaren er løna av Trygg Trafikk, medan regionale og lokale aktivitetar, kontorhald og reiseutgifter vert dekt av Hordaland fylkeskommune gjennom løyvingar via fylkestrafikksikringsutvalet og tilskot frå fylkesvegbudsjettet.

SAMARBEIDSPARTNARAR

Trygg Trafikk har gode samarbeidspartnarar både nasjonalt, regionalt og lokalt. I Hordaland er det eit tett og godt samarbeidd med både frivillige organisasjonar, verksemdar, forsikringselskap og offentlege myndigheiter.

Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Fjell, Kvinnherad, Lindås, Masfjorden, Radøy, Sveio, Vaksdal og Øygarden er medlemskommunar i Trygg Trafikk, i tillegg til Hordaland fylkeskommune gjennom fylkestrafikksikringsutvalet.

DETTE ER HOVUDMÅLA TIL TRYGG TRAFIKK

Trygg Trafikk har vedteke ein strategiplan for 2018–2021. Hovudmåla i strategiplanen er:

HOVUDMÅL 1

Trygg Trafikk er ein leiande aktør i arbeidet for ein trafikk-sikker oppvekst.

HOVUDMÅL 2

Trygg Trafikk påverkar avgjerdestakarane til å prioritere trafikktryggleik.

HOVUDMÅL 3

Trygg Trafikk bidreg til at trafikantane tek rette val.

Dette er Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein landsdekkjande medlemsorganisasjon som jobbar for betre trafikktryggleik for alle trafikantar. Vi syter for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik når ut til barnehagar, skular og befolkninga elles. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken.

Gjennom konseptta Trafikksikker kommune, Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule bidreg vi med rådgjeving, struktur og tiltaksplanar for auka trafikktryggleik. Trygg Trafikk jobbar også med haldningskampanjar og med å få folk til å bruke tryggingstutstyr i trafikken. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken. Kompetansen til trafikantane vil framleis i mange år ha stor innverknad på trafikktryggleiken.

Samarbeidspartnar og pådrivar nasjonalt og lokalt

Trygg Trafikk fungerer som bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter nasjonalt og lokalt. Organisasjonen møter i Kontaktutvalet for trafikksikkerheit (KTS) og har ansvar eller delansvar for 25 tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på vei 2014–2017. Distriktsleiarane i Trygg Trafikk har ei sentral rolle i det kommunale og fylkeskommunale trafikktryggleiksarbeidet i fylka og kommunane.

Medlemmer

Trygg Trafikk byggjer nettverk og samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker som har innverknad på trafikktryggleiken. Medlemmene i Trygg Trafikk er i hovudsak kommunar, fylkestrafikkutval, bedrifter og andre landsdekkjande organisasjonar.

Finansiering

På nasjonalt nivå er Trygg Trafikk finansiert over statsbudsjettet og med frie midlar og prosjektkjøp frå Finans Norge og forsikringselskapa. Lokale aktivitetar rundt om i landet blir finansierte gjennom tilskot og prosjektmidlar frå fylka.

INNHALD

| | |
|--|----|
| Dette er Trygg Trafikk..... | 3 |
| Omkomne i vegtrafikken | 4 |
| Trafikksikker oppvekst | 5 |
| Trafikktryggleik må prioriterast | 8 |
| Trafikantane sine val | 10 |
| Økonomi og finansiering | 12 |
| Framtidige behov og molegheiter | 13 |

ÅRSRAPPORT HORDALAND 2017

REDAKTØR: Knut Olav Røssland Nestås
KORREKTUR: Nye Tillen AS
DESIGN: October Design AS
FRAMSIDE: Glade barn i samband med Hjertesone-aksjon ved skulestart på Landås skole. Foto: Trygg Trafikk

www.tryggtrafikk.no/hordaland



Elleve omkom i trafikken i Hordaland i 2017


I motsetnad til resten av landet opplevde Hordaland at 2017 vart eit tilbakesteg i høve til ulukkestatistikk for åra 2015 og 2016, der det omkom sju kvart av åra. Elleve omkomne er likevel historisk sett eit relativt lågt tal, men framleis elleve for mykje! Av desse elleve omkom ein ung mann i Kvinnherad kommune, tre menn langs E16 i kommunane Vaksdal og Voss, to menn i Etne, ei kvinne i Fjell kommune,

ein mann i Samnanger, ein mann i Kvam herad, ei kvinne i Tysnes kommune og ei kvinne i Bømlo kommune. Det vil seia at av elleve omkomne er åtte menn og tre kvinner. Den yngste av dei omkomne var 18 år, mens den eldste var 81 år.



Fylkesveg i Hardanger. Foto: Hordaland fylkeskommune.

OVERSIKT OVER TALET PÅ OMKOMNE PER FYLKE I 2017



Trafikksikker oppvekst

Trafikktryggleik for barn er dei vaksne sitt ansvar og omfattar fysiske tiltak, fartsgrenser, sikker transport, tryggingsutstyr og trafikkopplæring.

Tiltaka til Trygg Trafikk er primært retta mot trafikkopplæring og bruk av sikringsutstyr. Grunnlaget for haldningar til tryggleik vert lagt i barneåra, og difor må trafikkopplæring starta tidleg. Vaksne i heim, barnehage og skule er rollemodellar og har ansvar for at barn og unge utviklar evne til refleksjon, risikoforståing og til å ta andre sine perspektiv og til å samarbeida.

Gjennom konseptet Trafikksikker kommune har me etablert godkjeningsordningar for Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule. På denne måten set me trafikkopplæring i system gjennom heile utdanningsløpet.

I løpet av 2017 gjennomførte me lærarkurs i januar og februar, med særleg merksemd kring trafikkopplæring i grunnskulen. Kursa vart gjennomførte på Dale og i Knarvik. Eitt lærarkurs vart også gjennomført i mars 2017, med det som etter kvart har vorte ei fast nettverkssamling på vårparten for lærarar som underviser i valfaget trafikk. På

vårparten vart det sendt ut ei skuleutsending med informasjon og rettleiing i bruk av sykkelmateriellet vårt og invitasjon til sykkelfinale for barnetrinnet i samband med sykkel-VM. Det var òg barnehagekurs på Stord i april, med invitasjonar til kommunane i Sunnhordland, med særleg invitasjon til Bømlo og Kvinnherad, som er i ferd med å verta trafikksikre kommunar. I april og mai gjekk det mykje tid og ressursar med til å følgja opp russetida, både gjennom tett samarbeid med relevante aktørar som Hordaland fylkeskommune, politiet og Statens vegvesen, men også i form av arrangement som russerebus i Bergen og eige arrangement i Knarvik. Sistnemnde skjedde gjennom samarbeid i trafikkfagleg samarbeidsutval, der Arne Aase møter. Arne var tett involvert både i arrangementet i Knarvik og med russerebusen, og er til god støtte for distriktsleiaren. Ekstra hyggjeleg for oss var det at også direktør Jan Johansen var med i samband med russearrangementet i Knarvik og heldt innlegg på vegner av Trygg Trafikk i Knarvik kyrkje.



I løpet av 2017 gjennomførte me lærarkurs i januar og februar, med særleg merksemd kring trafikkopplæring i grunnskulen.



Trafikkteateret «Ville veier og vrangt skilt». Foto: Trygg Trafikk



➤ Målet med Hjertesone er å få fleire born til å sykla og gå til skulen, noko som gjev sikrere skuleveg, betre helse og betre miljø. Hjertesone er med andre ord eit operativt tiltak som byggjer opp under målet til regjeringa om at åtte av ti barn skal sykla og gå til skulen.

Av vesentlege aktivitetar som elles er verde å nemna, har det vore tett og god dialog med Trygve Hillestad, som i snart tre tiår har vore arrangør av russearrangementet i Grieghallen. Av ulike årsaker har det vorte aktuelt å spørja Trygg Trafikk om å vera med og drifta arrangementet i Grieghallen vidare. Saman med Hordaland fylkeskommune har Trygg Trafikk sagt seg villige til å vera med vidare, og arrangementet er difor sikra drift i 2018 og framover. I tillegg har det vore tett samarbeid med Kjell-Magne Seim ved Kvam trafikkskule, som har hatt eit ønske om å få i gang ein kombinert ulukkesdemonstrasjon med ei tunneløving for naudetatane. Dette kom i stand i mai 2017, og det har vorte gjeve støtte og rettleiing undervegs, i tillegg til at distriktsleiaren deltok på vegner av Trygg Trafikk i samband med øvinga. I etterkant har det vorte laga til ein eigen film, som også har gått som reklamefilm på kino. Trygg Trafikk har støtta initiativet og gjeve noko finansiell støtte for å sikra dette. Det vart også forsøkt med ein undervisningsdag for grunnskulelærarutdanninga på NLA i april, men her var det dessverre svært dårleg fram møte. Før sommaren vart det også etablert ein permanent stand i Trafikksikkerhetshallen i Bergen. Standen har Barnas Trafikkklubb og sikring av barn i bil som tema, og det er ein monitor på standen som viser relevante filmar for rett sikring av barn i bil, og ein film med trafikklubben sin maskot, Lyset. Distriktsleiaren har bidrege både overfor ungdomsbedrifter som har hatt trafikksikring som tema i innovasjonsarbeidet sitt, mellom anna i ei mentorrolle, og overfor eit par studentar som har skriva bacheloroppgåve om trafikksikring som tema i kampanjarbeid.

Nasjonale skulestartaksjon for 2017 var lagd til Bergen, og det vart gjennomført eit arrangement på Landås skole med særleg merksemd kring Hjertesone-tematikken. Det var god oppslutnad frå samarbeidspartnarar, politikarar og skuleleiing, og ordførar Marte Mjøs Persen heldt appell på vegner av Bergen kommune. Statssekretær Tom-Christer Nilsen var mellom dei andre som deltok ved arrangementet. Skulestartaksjonen fekk ein del omtale i media, og NRK, TV 2 og BA følgde opp med innslag i sine respektive medium same dag og dei påfølgjande dagane. I samband med Hjertesone-arbeidet i 2017 har distriktsleiaren også vikariert i Rogaland. Dette skjedd i høve opning av ei ny Hjertesone ved Sandved skole i Sandnes saman med samarbeidspartnarar, ordførar, skuleleiing og alle barna ved skulen.

I september vart det gjennomført eigen sykkelfinale for barnetrinnet halvanna veke før sykkel-VM. Politiet, NCF / Bergen 2017, NAF og Trygg Trafikk samarbeidde om planlegging og gjennomføring av arrangementet, som gjekk føre seg ved Vilvite-senteret og i Nygårdsparken. Samarbeidet med NCF / Bergen 2017 har vore vidareført frå tidlegare år og er eit samarbeid som fungerer godt, og som utrettar mykje når det gjeld praktisk trafikkopplæring i skulen. Ikkje minst er det verdt å trekka fram Stian Remme, som er driftsansvarleg for opplæringsprogrammet «Alle barn sykler», og som det har vore tett og god kontakt med i løpet av 2017. Opplæringsprogrammet har nådd ut til i overkant av 2 700 elevar i 2017 på 54 skular, og sykkelprøven til Trygg Trafikk har vore brukt i opplæringa. Trygg Trafikk og FTU har også støtta trafikkteateret «Ville veier og vrangle skilt», som hausten 2017 hadde framsyning



Direktør Jan Johansen, distriktsleiar Knut Olav Nestås og mangeårig distriktsleiar og framleis medarbeidar for Trygg Trafikk, Arne Aase, ved russearrangement i Knarvik april 2017.
Foto: Trygg Trafikk



Sykkelfinale for barnetrinnet, halvanna veke før Sykkel-VM!
Foto: Trygg Trafikk

på ti barneskular med svært gode tilbakemeldingar frå lærarar og rektorar. Utover andre halvår av 2017 vart det også gjennomført vervekampanje for barnehagane, med tanke på medlemskap i Barnas Trafikkklubb. Etter tidlegare gjennomførte barnehagekampanjar i samarbeid med FTU og vervekampanje i regi av Trygg Trafikk frå 2016 fram til årsslutt 2017, er talet på medlemmer i Barnas Trafikkklubb no 221 barnehagar i Hordaland. Dette svarer til i overkant av 40 prosent av barnehagane i fylket. Med tanke på ambisjonar for talet på medlemmer og nasjonale måttal ligg me dermed godt an, og nye kampanjar vil verta gjennomførte i tråd med planar og føringar.

Av andre opplæringsaktivitetar som bør nemnast, vart #er dusikker? gjennomført ved tre vidaregåande skular. I tillegg vart det rekruttert ein kontrollskule. Helseøsterkurs og HMS-kurs vart også gjennomført i 2017, men skildringar av dette følgjer seinare omtale. I andre halvår 2017 har det òg vore utsending til skulane med informasjon om refleks, og det har vorte sendt ut om lag 50 pakkar med

refleksmateriell til barnehagar, skular og helsestasjonar. Utsendingar av refleks har primært vore etter førespurnad. Hjertesone-tematikken har elles vore oppe i to rektormøte, slik at alle rektorar i Bergen kommune har fått same informasjon. Distriktsleiaren deltok og orienterte ved det eine møtet. Det har elles vore orienteringar frå samarbeidspartnarane våre, Statens vegvesen og Bergen kommune.



Opplæringsprogrammet har nådd ut til i overkant av 2 700 elevar i 2017 på 54 skular, og sykkelprøven til Trygg Trafikk har vore brukt i opplæringa.



Trafikktryggleik må prioriterast

Trygg Trafikk er ein pådrivar og aktør for betre trafikktryggleik med særleg vekt på trafikantretta tiltak. Dette omfattar engasjement i avgjerdsprosessar både politisk og i forvaltninga på alle nivå og i alle sektorar.

I 2017 har det vore eit omfattande arbeid med Hjertesone-prosjektet og organisering av dette. Alt tidleg i januar var det eit viktig, avklarande møte mellom representantar frå Bergen kommune, Statens vegvesen og Trygg Trafikk. Mellom anna deltok byrådene Anna Elisa Tryti og Pål Hafstad Thorsen som øvste politisk leiar på vegner av byrådsavdeling for byutvikling og byrådsavdeling for skule. Møtet la eit viktig grunnlag for forprosjekt og også føringar for vidare prosjektarbeid. I møtet var det oppslutnad kring støtte til finansiering av ein eigen prosjektleiar for arbeidet. Dette har i etterkant vorte følgt opp gjennom vedtak både i bystyret, FTU og fylkesutvalet, noko som inneber eit spleiselag mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om å støtta Trygg Trafikk med eigen prosjektleiar i arbeidet. For Hordaland fylkeskommune har det vore viktig at prosjektleiarane også har ein viss fleksibilitet til å kunna jobba med aktivitetar som gjeld fleire kommunar enn Bergen kommune. Sjølv om stillinga først og fremst skal jobba med Hjertesone-prosjektet i Bergen, er det også høve til å sjå koplingar mellom til dømes Hjertesone og Trafikksikker kommune. Utover året har det vore arbeid jamt og godt i ei eiga prosjektgruppe som mellom anna

har vore på synfaringar på nokre utvalde pilotskular og samtidig har jobba for å ta hand om politiske føringar og styringssignal. Prosjektgruppa skal vidareførast etter at prosjektleiarane er på plass, og vil vera ei viktig støtte for denne personen. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga, Bergen kommune ved bymiljøetaten, byrådsavdeling for skule, barnehage og idrett, byrådsavdeling for byutvikling, Statens vegvesen og Trygg Trafikk.

Utover i 2017 har det vore arbeid med Trafikksikker kommune, både i form av å følgja opp nye kommunar, halda kontakt med tidlegare godkjende kommunar og gje desse kommunane tilbod om kurs, nettverkssamlingar og anna. I februar 2017 vart det arrangert ei eiga nettverksamling for kontaktpersonar i Bømlo, Sund, Kvinnherad, Austrheim, Lindås og Vaksdal for å utveksla erfaringar i arbeidet med Trafikksikker kommune. Hordaland fylkeskommune deltok også med representantar frå regionalavdelinga og samferdsleavdelinga. Utover våren 2017 vart det gjennomført workshops både i Bømlo, Kvinnherad og Sund, der kontaktpersonen for kommunen og distrikts-



Bård Morten Johansen held innlegg i samband med fagdag sykkel i Bergen. Trygg Trafikk var ein av arrangørane, saman med Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Statens vegvesen. Foto: Trygg Trafikk.



Sykkelveg i Bergen sentrum. Foto: Trygg Trafikk

leiarane møtte leiarane for alle sektorane. Utover 2017 har det vore oppfølging og arbeid med å systematisera dokumentasjon. For Bømlo kommune sin del enda dette med godkjenning i november, og dei er dermed den fjerde godkjende kommunen i Hordaland. I mars 2017 orienterte også distriktsleiarane fylkestinget om konseptet Trafikksikker kommune og om Trygg Trafikk sitt arbeid. Innlegget vart aktuelt etter at fylkestinget har gjort fleire vedtak som presiserer den viktige rolla til fylkeskommunen når det gjeld folkehelse og trafikksikring. Som tidlegare år har fylkestinget vore involvert i fleire planprosessar, til dømes i arbeidsgrupper og i form av høyringsinnspel. Fleire tunge planar har vore oppe dette året, mellom anna ny trafikksikringsplan for Bergen kommune, regional transportplan, nytt investeringsprogram for fylkesvegane og ein eigen tiltaksplan for trafikksikring som oppfølging av dei fylkeskommunale plandokumenta RTP og investeringsprogrammet. Det har òg vore tett dialog med fylkeskommunen om deira rolle i samband med ny nasjonal tiltaksplan for trafikksikring 2018–2021, og vi har gjeve høyringsinnspel til andre kommunale trafikksikringsplanar og til Bergen kommune sitt nye framlegg til kommuneplan for arealdelen, med særleg vekt på Hjertesone-tematikken. Distriktsleiarane har i tillegg vore med i prosjektgruppa i Trygg Trafikk, som har arbeid med ny strategiplan for 2018–2025. Planen har vore basert både på styringssignal frå Trygg Trafikk sitt eige styre, føringar i Nasjonal transportplan og arbeidet med ny nasjonal tiltaksplan for trafikksikring for perioden 2018–2021.

Av andre pådrivaraktivitetar er det verdt å nemna arbeidet med saka om føreslått nedlegging av utrykkingspolitiet

(UP). Før sommaren vart dette følgt opp med mediearbeid mot utvalde lokalaviser og Bergensavisen. FTU vart også informert om dette, og temaet var først oppe som referatsak i siste FTU-møte før sommaren. Etter sommaren vart det utarbeidd eigne notat om konsekvensar ved nedlegging, som vart sendt til FTU, og saka kom opp til endeleg handsaming i november 2017, der FTU vedtok eit høyringsinnspel som var kritisk til nedlegging av UP. I etterkant av vedtaket i utvalet utforma FTU-leiar Jon Askeland og distriktsleiar Knut Olav Nestås eit lesarinnlegg med nokre argument for å halda ved lag UP, som vart formidla til lokalavisene i Hordaland. Innlegget var på trykk i fleire lokalaviser og i BA. Det har også vore eit tett og godt samarbeid med Statens vegvesen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune om ein eigen fagdag for sykkelsatsinga, og om den årlege regionale trafikksikringskonferansen i regi av fylkeskommunen.



Fleire tunge planar har vore oppe dette året, mellom anna ny trafikksikringsplan for Bergen kommune.

Vala til trafikantane

Dei vala trafikantane gjer i trafikken, har stor innverknad på ulukkesrisiko og skadeomfang. Kunnskap om ulukkesomfang, årsaker og risiko set trafikantar i stand til å ta medvitne og trygge val.

Trygg Trafikk tek eit særleg ansvar for å påverke trafikantane til bruk av fotgjengarrefleks, sykkelhjelm og riktig sikring av barn i bil.

19. januar 2017 vart minnemarkeringsarrangementet Ettetankens dag gjennomført, med oppslutnad frå ulike aktørar innanfor trafikksikringsarbeidet, pårørande, folkevalde og media. Arrangementet var tredelt, med ein sekvens ved Amalie Skram vgs. / ADO arena, der me så gjekk i fakkeltog frå Lille Lungegårdsvann til Korskirken. I løpet av arrangementet var det appellar frå fungerande fylkesordførar Pål Kårbø, avdelingsdirektør Olav Finne i Statens vegvesen og prest Gunnar Erstad. I tillegg var det blomemarkering og song ved Lindås-ordførar og FTU-

medlem Astrid Aarhus Byrknes, for å nemna noko. Markeringa fekk gode tilbakemeldingar frå pårørande, og avisene intervjuar tre søsken som mista broren i ei trafikkulukke i 2016. Dette resulterte i fine oppslag både i BA og BT. Utpå nyåret 2017 kom også reflekstala for heile landet, med isolerte tal for kvart fylke. Snittala viste at 41 prosent av hordalendingane nytta refleks i samband med teljingane i 2017, noko som var ein minimal nedgang frå 42 prosent i 2016, men ein oppgang frå åra før der att. Tala for refleksbruk vart formidla til lokalavisene, og nokre hadde oppslag om utviklinga. I februar deltok også distriktsleiar på årsmøte i MA Hordaland med innlegg om trafikksikring og hadde føredrag på Voss folkehøgskule.

På vårparten vart det mellom anna gjennomført årsmøte i stiftinga Ettetankens dag, kursdagar i Stjørdal, workshop om nytt investeringsprogram for fylkesvegane, planlegging av fagdag sykkel, møte med Røde Kors om samarbeidsprosjekt, deltaking på den nasjonale ts-konferansen og Øst-Vest-konferansen, samarbeid om tunneløving for naudetatane og ulukkesdemonstrasjon for russen i Hardanger. Det vart også arbeidd grundig med ei eiga fråsegn om E16 i samband med revidering av Nasjonal transportplan, i tett samarbeid med Norges lastebileierforbund, Vestnorsk transportarbeiderforening og NAF avd. Bergen og omegn. Arbeidet resulterte i eit felles utspel overfor transport- og kommunikasjonskomiteen, og fleire mediesaker og lesarinnlegg med krav om ny E16 med bakgrunn i ulukkestal og trafiktryggleiksstoda langs strekninga. På vårparten vart det elles gjennomført ei sikring av barn i bil-teljing i samarbeid med UP, i samband med TISPOL-veka deira. Teljingane syner at fleire foreldre sikrar barna sine



Trafikksikringsdagen 26. august 2017 på Festplassen i Bergen.
Foto: Trygg Trafikk



Tunneløving for naudetatane og ulukkesdemonstrasjon for russen i Børvenestunnelen. Foto: Trygg Trafikk

bakovervendte, og at det er færre som sikrar barna sine feil. Nasjonalt sit no 63 prosent av barn mellom 1 og 3 år bakovervendt. Likevel viste resultatane frå Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland at me her på Vestlandet ligg dårlegast an i høve til landet elles, med 53 prosent barn i alderen eitt til tre år sikra bakovervendte. Det viser eit behov for vidare innsats. Teljingane og resultatane fekk fleire medieoppslag, med argument for kvifor bakovervendt sikring av barn i bil er viktig. Eitt tiltak som er gjennomført i 2017, er etablering av stand i Trafikksikkerhetshallen i samarbeid med stiftinga bak hallen og ATL. Det er kjøpt inn utstyr og monitor i hallen, slik at det kan synast filmar om rett sikring av barn i bil for relevante målgrupper i hallen.

I løpet av sommaren var det fleire mediesaker om trafikksikring, mellom anna fleire oppslag om bruk av sykkelhjelm. På slutten av sommaren vart også den årlege trafikksikringsdagen på Festplassen i Bergen gjennomført, med god oppslutnad frå publikum.

Trafikksikringsdagen er eit resultat av tett og godt samarbeid mellom aktørar som Bergen kommune, Statens vegvesen, NAF, Gjensidige, naudetatane, Røde Kors, Personskadeforbundet og Trygg Trafikk. Dei siste åra har samarbeidet vore organisert gjennom stiftinga Ettetankens dag Hordaland, der distriktsleiarane også er styreleiar og kontaktperson. Skulestart var ein annan sentral aktivitet etter sommarferien, med skuleutsendingar, skulestartaksjon og pressemeldingar til lokalavisene. Sykkel-VM gjekk av stabelen 16.–24. september og sette eit heilt nødvendig søkjelys på syklistane som trafikantgruppe. Trygg Trafikk har samarbeidd tett med NCF / Bergen 2017

i samband med opplæringsprogrammet «Alle barn sykler», og i sjølve VM laga distriktsleiarane i Hordaland saman med distriktsleiarane i Østfold eit par filmar til publisering på Facebook. Mellom anna intervjuar me proffsyklist Lars Petter Nordhaug. Utover hausten og vinteren har det mellom anna vore arbeidd mykje med refleksbruk, refleksutsendingar og reflekssteljing. MA Hordaland har vore sentrale i reflekssteljinga og gjort ein svært god innsats. Refleksdagen vart markert torsdag 19. oktober, i samarbeid med Studentsamskipnaden i Bergen, som i fleire år har hatt eige refleksarrangement for studentane med støtte av Trygg Trafikk. Nytt av året var eit eige Snapchat-filter, som hadde svært gode oppslutnadstal nasjonalt. I Hordaland markerte me dette med deling både via Snapchat og på Facebook. Det har også vore halde kurs for utvalde faggrupper, som helsesøstre i Sunnhordland og HMS-kurs for delar av heimesjukepleia i Lindås kommune.

Elles er det verdt å nemna at vi også i 2017 har svart på mange førespurnader frå publikum, der særleg mange spørsmål dreier seg om refleks, sikring av barn i bil, opplevde farlege trafikale situasjonar og innmelding av punkt det er opplevd utryggleik ved. Vi har svart på førespurnadene etter kvart og etter kapasitet. Det har elles vore fleire mediesaker i løpet av året om tema som ulukkestat, ulukkesutvikling, refleks, aktsemd i trafikken og opplevd utryggleik.



Trafikksikringsdagen er eit resultat av tett og godt samarbeid mellom aktørar som Bergen kommune, Statens vegvesen, NAF, Gjensidige, naudetatane, Røde Kors, Personskadeforbundet og Trygg Trafikk.

Økonomi og finansiering

Distriktsleiaren i Trygg Trafikk er lønt av Trygg Trafikk. Regionale og lokale aktivitetar, reiseutgifter i fylket og kontorhald vert dekte av Hordaland fylkeskommune. Rekneskapan vert ført av rekneskapsføraren i Trygg Trafikk og revidert av BDO AS.

Rekneskapan er gjord opp, med eit marginalt mindre forbruk. Nokre omdisponeringar er gjorde, der den største er etter meirforbruk knytt til aktivitet 18 opplæring/kurs, med tilsvarande mindreforbruk på aktivitet 24 Trafikksikker kommune. Dette heng i hovudsak saman med at kostnaden for trafikkteateret «Vile veier og vrang skilt» for 2016

vart splitta 50/50 mellom aktivitetane Opplæring/kurs og Trafikksikker kommune. I 2017 vart derimot heile kostnaden for teateret lagd på Opplæring/kurs, og dette resulterer i eit meirforbruk på den eine posten og tilsvarande mindre forbruk på den andre posten. Årsaka til dette er at trafikkteateret dei siste åra har vore på reise til alle kommunane som for 2017 var ein del av Trafikksikker kommunesamarbeidet, og difor prioriterte me Bergen kommune, som ikkje har hatt slike framsyningar dei siste åra. Elles er det gjort mindre omdisponeringar for at aktivitetane i størst mogleg grad er i balanse eller tett på balanse ved årsslutt.

| FTU-midlar til aktivitetar | |
|----------------------------|----------------|
| Trafikksikker kommune | 250 000 |
| Opplæring, kurs | 250 000 |
| Refleks | 80 000 |
| Russ/Vgs. | 80 000 |
| Diverse | 50 000 |
| #Er du sikker? | 20 000 |
| Sum | 730 000 |

FTU-midlane utgjør 730 000,- av alle inntekter. I tillegg var reise- og kontorbudsjettet for 2017 på 160 000,- og opplæringsavdelinga støtta russerebusen med 40 000,-.

Det forklarar differansen i summene mellom tabellen nedanfor og ovanfor.

| Aktivitetar | Overført fra 2016 | Inntekter 2017 | Kostnader 2017 | Saldo 2017 Overf. til 2018 |
|--------------------------------------|-------------------|----------------|-----------------|-------------------------------|
| 18 - Opplæring/kurs politi, lærere | 3 755 | 306 126 | -309 881 | - |
| 19 - Refleks og synlighet | - | 96 325 | -96 325 | - |
| 22 - Russ og vgs | - | 103 675 | -103 566 | 109 |
| 24 - Trafikksikker kommune | 3 438 | 193 874 | -196 385 | 927 |
| 29 - Fylket | - | 50 000 | -50 766 | -765 |
| 53 - #erdusikker | - | 20 000 | -20 000 | - |
| 99 - Reise, kontor og administrasjon | 332 | 160 000 | -158 889 | 1 443 |
| Sum | 7 525 | 930 000 | -935 812 | 1 713 |



Framtidige behov og moglegheiter

Trygg Trafikk er eit kompetansesenter innanfor det nasjonale trafikktrygging-arbeidet og rettar kvart år søkjelys mot det vi meiner vil vere viktige arbeidsområde for det komande året.

Me går spennande år i møte med tanke på vidare arbeid med nye kommunar som ein del av Trafikksikker kommune-konseptet, Hjertesone-prosjektet, der det startar eigen prosjektleiar i Trygg Trafikk Hordaland 1. februar 2018, og fylkessamanslåing. Hordaland fylkeskommune slår seg saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune frå 1. januar 2020, og dette vil òg føra til ei omorganisering av tenestetilbodet til Trygg Trafikk og truleg ei restrukturering av oppgåvefordelinga mellom dei tilsette i Trygg Trafikk i den nye regionen. Tett oppfølging av samanslåingsprosessen, med særleg merksemd kring organisering av trafikksikringsarbeidet vil vera sentralt i 2018 og seinare år.

Kommunen er ein viktig aktør i trafikksikringsarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helsa og trivselen til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebyggje ulukker. Gjennom lovar og forskrifter har kommunen plikt til å arbeide systematisk med ulukkesførebyggjande arbeid i alle kommunale sektorar.

For å lukkast må alle etatane i kommunen involverast i arbeidet, og den einkilde etatsleiaren må ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga.

Utfordringa komande år vert å svara på forventningar frå nye søkjarkommunar, etablerte kommunar i Trafikksikker kommune-konseptet og kommunar i prosess har til vidare tilbod frå Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk. Det er rimeleg å venta at ein også etter godkjent-stempel jobbar med kursing, kompetanseheving og vidareutvikling i trafikksikringsarbeidet. Det krev oppfølging og ressursar, og det set store krav til prioritering av arbeidsoppgåver og arbeidssituasjon. Ein må derfor vurdere etter kvart korleis ein organiserer tenestetilbodet sitt, og det må vera tilgang på midlar frå FTU. Ikkje minst må det også vera tilgang på midlar til ikkje-fysiske tiltak. Distriktsleiaren vil halda FTU orientert og sikra at utvalet er tett på arbeidet med å styrkja det systembaserte trafikksikringsarbeidet i kommunane.



Opplæringsprogrammet «Alle barn sykler» har vore gjennomført på til saman 54 skular i Hordaland i 2017, der i overkant av 2700 elevar har fått praktisk trafikkopplæring. Samarbeidet med NCF om trafikkopplæring held fram i 2018. Foto: Kjetil Bruarøy, Midtsiden.no

Hjertesone-arbeidet vil også setja omfattande krav til arbeidet vårt vidare. Bergen bystyre har vedtatt at alle barne-skulane i kommunen skal ha ei definert Hjertesone kring skulen sin, at skulane skal vera pådrivarar for at fleire går og sykklar, og at alle skular har ein eigen trafikksikringsplan med risikovurdering og tiltak. Prosjektleiaren i Trygg Trafikk vil ha som sentral oppgåve å støtta Bergen kommune i dette arbeidet, saman med andre viktige samarbeidspartnarar som Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Samtidig vil prosjektleiaren ha høve til både å setja seg inn i arbeidet med Trafikksikker kommune og å støtta eventuelle andre skular i Hordaland med innføring av Hjertesone-prinsippa. Det systembaserte arbeidet som ligg i Hjertesone og Trafikksikker kommune, har openberreligskapstrekk, og prosjektleiaren vil difor ha nytte av å sjå samanhengar og å jobba for å setja desse ut i livet.

Ei annan spennande moglegheit framover er endå tettare kopling mellom «Hjertesone»-arbeidet på systemnivå, handlingsprogram for ny bypakke og ny trafikksikringsplan for Bergen kommune. Summen av dette arbeidet bør kunna sikra meir midlar til å gjennomføra av gode og praktiske tiltak kring skuleområda. Det vert òg spennande å sjå om ny kommuneplan i Bergen kommune tek omsyn til dei tidlegare vedtaka i bystyret og bidrar til at Hjertesone vert grundig forankra også i overordna kommunalt planverk, i tråd med innspelet frå Trygg Trafikk til arealdelen i den nye kommuneplanen for Bergen kommune. Det komande året vil det vera eit naturleg mål å bidra til utforming av ein tiltaks- og eksempel-katalog for korleis ein kan jobba med

Hjertesone ved skulane, i samarbeid med andre aktørar i prosjektet lokalt og nasjonalt. Ei tettare kopling til opplæringsprogrammet «Alle barn sykler» er også naturleg i samband med Hjertesone-arbeidet. Programmet tek for seg praktisk trafikkopplæring i skulegården og i trafikken, og nyttar materiellet frå Trygg Trafikk og sykkelprøve som ein del av gjennomføringa.

”

Det komande året vil det vera eit naturleg mål å bidra til utforming av ein tiltaks- og eksempel-katalog for korleis ein kan jobba med Hjertesone ved skulane, i samarbeid med andre aktørar i prosjektet lokalt og nasjonalt.

EIGNE NOTAT

TRYGG TRAFIKK

Trygg Trafikk er ein medlemsorganisasjon som arbeider for betre trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Organisasjonen er landsdekkjande og fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter.

Trygg Trafikk har eit vedtaksfesta ansvar for at det blir gjennomført trafikkopplæring og gitt informasjon om trafikktryggleik som del av den samordna innsatsen mot trafikkulukker.

Trygg Trafikk blei oppretta i 1956. Organisasjonar, verksemder, kommunar og trafikktryggingsutval i fylke er medlemmer av Trygg Trafikk.

Arbeidet til **Trygg Trafikk** blir i hovudsak finansiert gjennom statlege tilskot og prosjektkjøp frå Finans Norge, forsikringselskap og andre verksemder. Lokale aktivitetar blir i stor grad finansierte gjennom fylkeskommunale tilskot og prosjektmidlar. I tillegg har organisasjonen medlems- og salsinntekter.



TRYGG TRAFIKK HORDALAND
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf.: 412 06 132
E-post: nestas@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no/hordaland

TRYGG TRAFIKK
Tullins gate 2
Postboks 277 Sentrum
0103 Oslo

Tlf.: 22 40 40 40
hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no